


Robust landbruk

Kristin Bergo, Bjørg Karin Dysjaland, Merete Guldhav og Ingvild Solhjem



Figur 1: (Hagen, 2013)

Semesteroppgåve i ECN260 – Landbrukspolitikk

Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet

Hausten 2017

Innhald

1. Introduksjon	3
2. Robust Landbruk og konkurranse	3
3. Reguleringar og marknadsordningar i mjølkeproduksjonen	4
3.1 Grensevern	4
3.2 Kvoter	6
3.3 Marknadsordningar	7
Marknadsregulering	7
Målpris	8
Prisutjamning	9
3.4 Konkurransetoda i meierisektoren idag	9
4. Endringar mot eit meir konkurransedyktig landbruk i Noreg dei siste 10 år	10
4.1 Konkurransefremmande tiltak i prisutjamningsordninga	10
4.2 Nedskalering av innfraktordninga	11
4.3 Utfasing av stønad til merkevareeksport	11
4.4. Endringar i utjamningsmatrisa	12
5. Konsekvensar av innførte endringar i konkurranseretta tiltak	12
5.1 Utfasing av eksportstønad	12
5.2 Nedskalering av innfraktordninga	14
5.3 Forenklingar og justeringa i utjamningsmatrisa	15
6. Eit robust landbruk?	16
7. Referansar	17
Vedlegg 1: Tidslinje: Endringar og planlagte endringar i PU frå 2004 til 2020	22

1. Introduksjon

Robust landbruk er eit vidt omgrep som ein kan legge fleire meiningar i, skriva lange rapportar om, og heilt sikkert nye kvart år etter som det politiske landskapet endrar seg. Vi kunne truleg stappa inn heile pensum i ECN260 – Landbrukspolitikk i same semesteroppgåva omvillig. Derfor har vi vald å avgrensa oppgåva til å berre omtala mjølkeproduksjonen i Noreg, og høve mellom alle ledda frå produsent til næringsmiddelindustri og handel.

Det vi har interessert oss for, er gjennomførte endringar dei siste åra som har tatt sikte på å gjera landbruket (norsk mjølkeproduksjon) meir robust og konkurransedyktig. Både med sikte på intern konkurranse i Noreg mellom produsentar og foredlarbedrifter, men òg det stadig aukande presset frå utanlandsk konkurranse med import. Avgrensinga gjer at vi kan gå meir i djupna på dette.

Kva vert konsekvensane av dei endringane som dei ti siste åra har blitt gjort i norsk mjølkeproduksjon for å gjera den meir konkurransedyktig?

2. Robust Landbruk og konkurranse

Politikarar spesielt har lagt sin elsk på omgrepet robust landbruk, men kva ligg eigentleg i dette omgrepet og kva endringar meiner politikarane vil gjere norsk landbruk meir robust?

Dersom ein bruker ordboka til å finne forklaring på “robust” finn ein i same kategori ord som sterk, kraftig og hardfør, medan ein til dagleg ofte assosierer det med konkurransedyktigheit i tillegg. Korleis ein tolkar robust, har mykje å seie for kva ein vil fram til. Er robust landbruk store gardsbruk, er det dei små eller er det dei mellomste som er mest robuste? Kva ordningar er med på å gjere landbruket generelt meir robust og kva ordningar/endringar kan gjere landbruket mindre robust? Det er liten tvil om at den sittande “blåblå” regjeringa har bestemt seg for at robust landbruk handlar om eit stort, kraftig og konkurransedyktig landbruk, gjerne samanlikna med verdsmarknaden.

Konkurranse er eit ord som dei siste åra har fått ein veldig oppsving i bruken, men korleis bør det eigentleg nyttast? I følge ordboka Lexin er konkurranse å prøve å oppnå eit betre resultat enn andre, til dømes mellom to aktørar som tilbyr same produkt eller teneste. Christine Meyer hadde i Magma 8/2013 ein artikkel om

konkurranse der ho samanfattar omgrepet slik: "Konkurranse er ikke et mål i seg selv, men et virkemiddel til å få høyere produktivitet og innovasjonsevne i næringslivet og i offentlig sektor". Dette vil seie at poenget med konkurranse er å gi kunden det beste alternativet, anten det er pris, utval eller service. Det største problemet med konkurranse som ord er at det dei siste åra i daglegtaalen til mange har blitt eit omgrep som handlar om lågast mogleg pris på eit produkt i forhold til konkurrentane. I samband med landbruk blir ofte konkurranseevne også nemnd. Dette er ifølgje SNL eit mål på kor god evne norsk landbruk har til å selje sine produkt i konkurranse med importerte produkt.

Elementa som er med på å utgjere konkurranseevna til norsk landbruk er kostnadane bonden har og kor mykje han er nøydd til å ta for å ha moglegheit til å gå i null. Dersom forbrukaren tykkjer dei norske produkta er for dyre, er det etter alt å døme stor sjans for ein større del import. Denne utfordringa har så langt blitt løyst ved hjelp av ulike reguleringar, stønadsordningar og grensevern.

Den største konkurranseulempa Noreg har som matprodusent er det generelt høge prisnivået. Deretter er topografi og klima òg store utfordringar for landbruket. Mykje av den vesle mengda matjord vi har, har ulendt terreng, små skifter og i alt har vi mindre avlingar med vår korte vekstsesong. På den andre sida, dei største konkurransefordelane Noreg har, til tross for spreidd landbruk og kjølig klima, er den låge bruken av antibiotika og plantevernmiddel, samt den gode dyre- og plantehelsa.

Christian A. Smedshaug skriv i Kan jordbruket fø verden: "Jordbruket er en næring der konkurranseforholdet mellom ulike land ikke kan bli likt, som følge av de naturgitte forutsetningene varierer. Så lenge produksjonsforholdene varierer, må også politikken gjøre det. Hovedelementet i jordbrukspolitikken tilpasset de naturgitte forutsetninger er et effektivt importvern". Det kan til tider verke som at politikarane ikkje tenkjer over desse, spesielt topografiske, konkurranseelementa.

3. Reguleringar og marknadsordningar i mjølkeproduksjonen

Det finnst fleire ulike ordningar som er med på å gjere mjølkeproduksjonen robust. Nedanfor skal vi gå gjennom reguleringar i samband med grensevern og kvoter. Av dei ulike marknadsordningane skal marknadsregulering, målpris, prisutjamningsordninga og innfraktordninga nemnast. Til slutt i denne delen skal også konkurransestoda i meierisektoren nemnast.

3.1 Grensevern

Grensevernet går ut på å beskytte eigen marknad ved å ha kontroll på kva som kjem inn, krevje avgifter i form av toll for å halde importen nede, og stimulere til eigen produksjon av varer. I utgangspunktet har Noreg ein tollsats på alle varer som skal

inn i landet. Denne satsen er anten satt i prosent eller kroner/kg. Prosenttollen utgjør ein viss prosent av prisen på verdsmarknaden for produktet som blir importert (Norsk landbrukssamvirke, 2017). For mjølk er denne satt til 443 %, som vil seie at dersom den importerte mjølka kostar 10 kr på verdsmarknaden, vil den i norske butikkar koste over 44 kr, som er noko den norske mjølka utkonkurrerer.

Kronetollen utgjør eit tillegg (per kg) på verdsmarknadsprisen per kilo importert (Norsk landbrukssamvirke, 2017). Til dømes er toll på smør 25,19 kr/kg. Importen på smør til ein verdsmarknadspris på 50 kr/kg vil i butikken ende på 75,19 kr/kg, som ligg noko under prisen på norskprodusert smør. Dette er i mange tilfelle ikkje nok til utkonkurrere import, men halde delen nede.

Som nemnd, er det i utgangspunktet toll på alle varer som skal importerast, men som følgje av ulike handelsavtalar finnast det unntak.

Den viktigaste handelsavtalen er gjennom WTO, Verdens handelsorganisasjon, som byggjer på prinsippa om ikkje-diskriminering, handelsliberalisering, føreseielegheit og oversikteleghet (Norsk landbrukssamvirke, 2014). WTO er ein etterfølgjar av GATT som var generalavtalen om toll og handel. Under GATT blei det gjennomført åtte multinasjonale forhandlingar, der den siste runden (Uruguay-runden) danna grunnlaget for overgangen frå GATT til WTO (Munthe, P., 2014). Det viktigaste å hugse på når det gjeld handelsavtalar og toll, er at dei landa som er minst utvikla, MUL, er fritatt all toll for å stimulere til utvikling i desse landa (Tolldirektoratet, 2017b).

I følgje Tolltariffen jf. tabell 1, har Noreg frihandelsavtale på smør og meierismøreprodukt med EFTA, RS og SACU. EFTA inkluderer Island, Sveits, Liechtenstein og Noreg. RS er forkortinga til Serbia, medan SACU er den Sør-Afrikanske tollunion og består av Botswana, Lesotho, Namibia, Sør-Afrika og Swaziland. I Tolltariffen er det mange stader ikkje spesifisert tollfrie kvotar som handelsavtale, men som ulike tilvisingar. I tabell 1 er tilvising TKV017 til vedlegg II til avtalen av 15. april 2011, mellom Noreg og EU om handel med landbruksvarer (som gjer at produkt frå EU kan innførast tollfritt eller mot nedsett toll innanfor avtalte kvoter). Tilvising TKV0018 viser til at produkt frå EFTA kan innførast tollfritt, eller mot nedsett toll innanfor den globale kvota. Tilvising TKV007 handlar om at produkt frå GSP-land (U-land) eller Peru, som innførast innanfor den globale WTO-kvoten, har rett på 30 % reduksjon av den ordinære kvotetollsatsen. Tilvisinga AGRI viser til at satsen i rubrikkane "ordinær" eller "frihandelsavtale" representerer ein maksimumssats.

I målprisrapporten Landbruksdirektoratet (Landbruksdirektoratet 2017g) gjev ut kvart år, har importen av meieriprodukt gått ned frå 21 131 tonn i 2015-2016, til 20 642 tonn i 2016-2017. Både importen og eksporten av ost har auka, med høvesvis 588 tonn til 11 736 tonn importert ost, og 258 tonn til 11 911 tonn eksportert ost i same periode.

Tabell 1: Utdrag frå Tolltariffen 2017

Sektor	Vare	Tollsats 2017		Tilvising
		Ordinær	Frihandelsavtale	
Meieri	Melk	443%	-	-
	Smør	25,19kr/kg	SACU: 22,67kr/kg EFTA: 22,17kr/kg RS: 22,39kr/kg	TKV007
	Ost	Mellom 24,68kr/kg og 277%	SACU: mellom 22,21kr/kg og 249%	TKV017 TKV018
	Yoghurt (Naturell)	8,45kr/kg	-	AGRI
	Yoghurt (Smakstilsatt)	20,54kr/kg	-	AGRI

3.2 Kvoter

Kvoteordninga i mjølkeproduksjonen blei oppretta i 1983. Formålet med ordninga er å tilpasse produksjonen til etterspurnaden i marknaden, for å få bukt med overproduksjon av mjølk. Dei som allereie produserte mjølk blei tildelt kvoter ut frå kva dei tidlegare hadde produsert. Denne endringa førte til at strukturutviklinga i næringa blei beskjeden, og avdråtten var stabil. Frå mjølkekvotesystemet blei innført og til midten av 1990-talet var auka i leveransen per produsent på 20 %, og avdråtten tilnærma uendra. I 1997 blei det opna for å omsetje mjølkekvotar administrativt, medan kvotehavarane i 2003 fekk høve til å selje ein bestemt del av deira kvote på den frie marknaden, og resten av kvoten måtte seljast til staten for ein fastsett pris. I same tida som det blei mogleg å omsetje kvoter, blei det også ein oppsving i talet på samdrifter. Det førte til at fleire kvoteeigare gjekk saman om produksjonen av kvotane og i mange tilfelle etablerte felles produksjonseiningar. I 2009 blei det mogleg å leige kvoter, noko som var med på at talet på samdrifter har gått ned i ettertid. Det er også avgrensingar for kor store kvotar ein kan ha; taket før 2014 var

412 000 kg for enkeltprodusentar, og 773 000 kg for samdrifter. Dette taket blei auka i 2014 til 900 000 kg for alle einingar, og fleire av fordelane med samdrifta blei likestilt for alle produsentar (Rysstad, 2016a; Landbruksdirektoratet, 2017a).

Kvota er delt inn i grunnkvote og disponibel kvote. Grunnkvota er kvota som blei tildelt eigedomen i 1983. Storleiken på grunnkvota kan endrast ved å justere forholdstalet for grunnkvote. Noregs Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag drøftar, saman med Landbruks- og matdepartementet, korleis forholdstalet skal setjast for det kommande kvoteåret (frå 1. januar til 31. desember). Forholdstalet for 2018 er sett til 0,98 av kvoten (Landbruksdirektoratet, 2017c). Dersom kvoten ikkje blir nytta i løpet av ti kvoteår, blir kvoten stroke. Den disponible kvoten er kvoten eit føretak kan produsere utan at det har konsekvensar for økonomien gjennom overproduksjonsavgift. Kvotene er regulert gjennom geografisk ramme og delt i 14 produksjonsregionar, som vil seie at kvoten i f.eks. Hordaland ikkje kan flyttast over til f.eks. Rogaland. Dersom ein produsent leverer meir enn han har kvote til å levere, blir det lagt på ei overproduksjonsavgift på 4,80 kr per liter mjølk.

3.3 Marknadsordningar

Marknadsordningane er sett opp for å regulera prisnivå og mengd omsette varer i marknaden samtidig som det skal legga til rette for konkurranse i mjølkemarknaden. Det gjer stabilitet for produsenten sin avsetnad og inntening, samtidig som det utjamnar forskjellar som vidare gjer det mogleg å driva landbruk i heile landet (Rysstad, 2016b).

Marknadsregulering

Ei av marknadsordningane i norsk landbruk er marknadsreguleringa. Den utøvast av samvirka, som i mjølkesektoren vil seia TINE. I det ligg det at Tine har både mottaks- og forsyningsplikt; mottaksplikt frå alle produsentar som leverer mjølk, og forsyningsplikt til sine konkurrerande næringsmiddelaktørar til same pris som dei sjølv betaler, jamvel om dei skulle ha underskot til eige bruk (Norges Bondelag u.å.).

Sidan den totale mjølkemengda på marknaden i Noreg er styrt av kvoter, er tilgangen over år veldig stabil. Likevel svingar det i løpet av året med tilgang på råvare, og forbrukarane sine produktpreferansar. Grunnleggande marknadsøkonomisk teori seier at om tilbodet vert høgt i forhold til etterspørsel, så fell prisen. Og omvendt skjer det at om tilbodet er lågt i forhold til etterspørsel, så stig prisen. Marknadsregulator si rolle er å regulera tilbodet tilgjengeleg på marknaden, slik at prisen held seg stabil. For å regulera kjøtmarknaden, frys Nortura ned bufferlager. På mjølkemarknaden vil Tine for eksempel om sommaren, når forbruket av konsummjølk går ned, produsera meir ost, smør eller tørrmjølk som har lenger haldbarheit. I tillegg finst det moglegheit for at varene kan skrivast ned og seljast som dyrefôr eller til eksport.


Marknadsreguleringa sikrar både produsent og forbrukar ein stabil pris (Rysstad 2016b).

For å finansiera ordninga, vert det lagt på ei omsetningsavgift på mjølk seld til meieri, som krevjast inn av marknadsregulatoren TINE. Denne er heimla i Omsetningslova av 1930 som har som formål å «... gjennom samyrke å fremja umsetnaden av kjøtt av storfe, sau, svin, fjørfe og reinsdyr, korn og oljefrø, mjølk, egg, pelsdyrskinn, poteter, grønnsaker, frukt og bær». Forutan marknadsregulering, går òg nokre av midla frå omsetningsavgift til å driva generisk reklame via Opplysningskontoret for mjølk (Rysstad 2016b).

Målpris

Målprisen er den prisen «jordbruket reelt sett skal kunne oppnå ut fra balanserte markedsforhold, det fastsatte importvernet og de markedsreguleringsmulighetene som er til disposisjon» (Landbruksdirektoratet u.å.). Den vert sett i jordbruksavtalen og gjeld i eitt år om gongen, frå 1. juli til 30. juni.

Marknadsregulator har ansvaret for at noteringsprisen til produsent i løpet av året, i snitt vert lik målprisen. Viss noteringsprisen går over ei satt øvre grense, har landbruksdirektoratet moglegheit til administrativt å setja ned tollsatsane midlertidig. Vert prisen låg som følgje av høg tilgang på varer, kan marknadsregulator gjera avsetnadstiltak som nemnd. Sjå figur 1 som illustrasjon. Her er tollmuren ei viktig skjerming mot verdsmarknaden.



Figur 1: Samanhengen mellom målpris, noteringspris og den øvre prisgrensa som skil kva tid landbruksdirektoratet slepp inn varer frå verdsmarknaden.(Regjeringa 2015)

Prisutjamning

Prisutjamninga (PU) er ei ordning som har eksistert sidan 1930-talet og har då som nå to hovudføre mål: Det første er å gje produsentane lik pris på mjølka uansett kor hen i landet produksjonseininga ligg, uavhengig av avstanden til meieriet. Det andre er å gje produsentane lik pris på mjølka uavhengig av kva den vert brukt til. Historisk leverte meieria i sentrale strøk konsummjølk til bymarknaden. Der kunne dei ta ut høgare pris enn det meieria i distrikta hadde moglegheit for med smør- og osteproduksjon (Rysstad, 2016b).

Prisutjamninga er ei sjølvfinansierande ordning (Landbruksdirektoratet, 2017e). Meieria som hentar inn mjølka frå produsentar sjølv, mottar innfrakttilskot frå prisutjammingsordninga på satsar bestemt per liter etter kva for ei kommune produksjonseininga ligg i (Landbruksdirektoratet, 2017h). Tilskotet har dekkast mesteparten av fraktkostnadane, og resten står meieria for sjølv. I andre enden er produkta for sal delt inn i 15 forskjellige prisgrupper med forskjellige satsar dei vert pålagde anten som avgifter (f.eks. på konsummjølk) eller tilskot (f.eks. på fastost). Gjennom dette systemet med prisdiskriminering ut mot forbrukar, klarer meieria totalt sett å ta ut ein meirverdi for produkta sine (Rysstad, 2016b).

Vidare legg òg PU til rette for at ein kan ta ut målprisen ved hjelp av prisdiskriminering på produkt ut mot forbrukar. Konsummjølk, som er ein nokså prisuelastisk vare, kan ein ta inn ei avgift på samtidig som ein subsidierer produkt som ost, som er meir kjenslevart for pris (priselastisk) og krev fleire liter mjølk per kg ferdig produkt.

3.4 Konkurransetoda i meierisektoren idag

I fleire tiår hadde meierisamvirket monopol på mjølkesektoren i Noreg. Dette vart avvika i 1995 etter at EØS- og WTO-avtalar trådte i kraft (Rysstad, 2016b). Frå Stortinget snudde det politiske landskapet og det kom ynskje om konkurranse. Dette har ført til at det i dag er fleire meieri og mjølkenæringsmiddelbedrifter i Noreg, og ein av dei (Q-meieriene) har òg eigne leverandørar. Dei meieriselskapa som nyttar meir enn 200 000 L mjølk til flytande produkt eller meir enn 500 000 L mjølk til faste produkt, skal vera med i PU-ordninga (Forskrift om prisutjamninga på melk 2007).

Framleis er Tine den dominerande aktøren i meierisektoren og kan nytta stordriftfordelar av dette. Derfor finst det særskilte støtteordningar til gode for konkurrentane. Mellom anna vert det gitt kapitalgodtgjersle til aktørar som henter melk frå eigne leverandørar på 32 øre/L (som i praksis vil seie Q-meieriene). Q-meieriet får òg eit særskilt distribusjonstilskot på 50 øre/L for å konkurrera mot Tine sitt distribusjonsapparat. I tillegg får alle andre aktørar enn Tine og Normilk som er medlem av PU, ein generell korreksjon på 27 øre/L. Midla kjem frå jordbruksavtalen (Sørli og Sunde, 2016).

4. Endringar mot eit meir konkurransedyktig landbruk i Noreg dei siste 10 år

4.1 Konkurranserefremmande tiltak i prisutjamningsordninga

I 2007 bestemte Stortinget å betre rammeføresetnadane til Tine sine konkurrentar (NILF/NIBIO, 2011). Konkurrentane fekk økte tilskot og reduserte avgifter innanfor PU. Det blei innført ei «særskilt kapitalgodtgjersle» til aktørar (Q-meieriene) med eigne mjølkeleverandørar. Q-meieriene fekk også eit eige distribusjonstilskot (Landbruksdirektoratet, 2017b).

Stortinget har slått fast i mange år at dei ynskjer auka konkurranse i mjølke- og meierisektoren. Ei evaluering av PU i 2012 konkluderte med at konkurransen innan foredlinga av mjølk hadde auka, og at Tine hadde mista marknadsandelar, men at konkurransen likevel var gjennomgåande svak. I 2012 blei det ikkje sett behov for å auke dei konkurranseretta tiltaka, og dei blei vidareført i 2013 med små justeringar (Næringskomitéen, 2015).

Justeringane i 2013 innebar at satsen for differensierte tilskot auka frå 25 til 27 øre/L, satsen for særskilt distribusjonstilskot til Q-meieriene blei redusert frå 60 til 50 øre/L, medan volumgrensa auka frå 80 til 100 millionar L (Landbruksdirektoratet 2017b).

I 2014 blei det, i eit representantforslag, føreslege ei auking i dei konkurransefremmande tiltaka i PU (Storberget, Botten og Kjerkol, 2014).

Næringskomitéen uttalte i 2015, som svar på forslaget, at ytterlegare konkurransefremmande tiltak, eller auking i eksisterande tiltak, ville føre til ein lite berekraftig økonomisk utvikling. Dei var likevel einige med representantane om å styrke konkurransen innanlands, då gode konkurransemoglegheiter gir samvirkemodellen legitimitet, og er positivt for forbrukarane. Dei la fram eit ynskje om ein gjennomgang av verkemidla i mjølke- og meierisektoren, dette med tanke på å styrke norsk møte med eit aukande internasjonalt konkurransepress (Næringskomitéen, 2015).

Landbruks- og matdepartementet, ved dåverande landbruksminister Sylvi Listhaug, svarte også på representantforslaget. Listhaug uttrykte einigheit frå regjeringa i at konkurransen burde styrkast i meierisektoren, og at dette ville innebære lågare marknadsdelar for Tine. Ho oppnemnde eit utval som skulle komme med forslag om å auke konkurransen, «gjennom for eksempel å fjerne reguleringer eller gjøre markedsbalanseringen mindre avhengig av samvirkeorganisasjonene». Ho seier vidare at «konkurransen i meierimarkedet er også sterkt avgrenset av kvoteordningen for melk, som både avgrenser produksjonsmulighetene og

mulighetene for å flytte melkeproduksjonen mellom fylker» (Landbruks- og matdepartementet, 2014). Landbruksdirektoratet nemnar også i sin rapport at kvoteordninga for mjølk, isolert sett, er til hinder for nyetablering og utviklinga av konkurranse. Dette gjennom å hindre at leverandørane til meieria kan auke sin produksjon ved behov, og ved å gjere det vanskelegare og meir kostbart for nye mjølkeprodusentar å starte med produksjon - dermed også vanskelegare for nye aktørar å etablere seg innan mjølke- og meierisektoren. Marknadsregulator si forsyningsplikt er med på å jamne ut dette (Landbruksdirektoratet, 2017b).

Konkurransepolitiske tiltak i PU, per 2014, var desse: Rabatt på satsane i PU for uavhengige aktørar, spesiell kapitalgodtgjersle til uavhengige meieri som hentar mjølk frå eigne produsentar, og særskilt distribusjonstillegg til Q-meieriene for å dekke deira meirkostnad (samanlikna med Tine) ved distribusjon til butikk (Landbruks- og matdepartementet, 2014).

4.2 Nedskalering av innfraktordninga

I 2016 blei det vedtatt endringar i innfraktordninga: Tilskotsdsdekninga av innfraktordninga blei redusert frå ca. 95 % til ca. 80 %. Ein større eigendel for meieriene sjølv blei dimed innført, som insentiv for å gjere transporten meir effektiv og miljøvennleg (Landbruks- og matdepartementet, 2016).

Ytterlegare endringar i innfraktordninga vil bli innført når 10-årsperioden går ut i 2018. Talet på basismeieri i modellen er gått ned frå 40 til 29, noko som er med på å gi unøyaktige berekningar av tilskotet. Basismeieria i modellen er knytt opp mot målprisen på mjølk, og har dimed ein funksjon i berekninga av målprisopptilgang. Difor er det berre marknadsregulator (Tine) sine meierianlegg som fungerer som basismeieri, då det er Tine som har ansvar for å oppnå målpris for produsentane. Kommune- og regionreforma frå 2020 vil òg kunne medføre endringar i innfraktordninga (Landbruksdirektoratet, 2017h).

4.3 Utfasing av stønad til merkevareeksport

Det blei i 2015 vedtatt at stønaden til merkevareeksport (i hovudsak eksport av Jarlsbergost) skal utfasast innan utgangen av 2019 (Utanriksdepartementet, 2015). Dette er hovudsakleg grunna WTO-avtalen (Avtale om landbruk, 1994, § 8-9), men det er også i tråd med ynskja til sittande regjering. Som Listhaug uttalte: “Det er urimelig at norske forbrukere skal betale for at forbrukerne i andre land skal få kjøpe denne osten rimeligere”, og “... det er bred enighet internasjonalt om å slutte med slike handelsvridende og proteksjonistiske virkemidler” (Landbruks- og matdepartementet, 2015). Etter planen skulle dette blitt gjort innan 2014, men fordi Doha-runden ikkje vart slutført, blei det utsatt. Fornya einigheit i 2013 førte til endeleg vedtak i 2015 (Landbruks- og matdepartementet, 2015).

4.4. Endringar i utjamningsmatrisa

I 2016 ble det vedtatt at talet på prisgrupper og biproduktgrupper skal reduserast. Endeleg utjamningsmatrise ikkje vedtatt, men to forslag er lagt fram (Landbruks- og matdepartementet, 2016). Forenklinga vil ha konsekvensar for råvarekostnader, noko som vil medføre endringar i RÅK-ordninga (Landbruks- og matdepartementet, 2016).

5. Konsekvensar av innførte endringar i konkurranseretta tiltak

5.1 Utfasing av eksportstønad

Ein kan ikkje seie med tryggleik kva konsekvensane av utfasinga av eksportstøtta vil vere. Utviklinga i både den norske og internasjonale marknaden vil påverke kva slag verknadar dei nye ordningane vil ha på norsk mjølkeproduksjon og etterspurnaden etter norsk mjølk. Høyringsnotatet frå Stortinget (Landbruks- og matdepartementet, 2016) tek for seg to moglege utfall, basert på hypotetiske utviklingar i mjølkeforbruket. Det eine scenarioet ser for seg ei svak forbruksutvikling og fullstendig bortfall av eksport av ost innan 2020. I dette dømet kan total mjølkeanvendning i Noreg gå opp med 20 millionar liter, medan all mjølk brukt til merkevareeksport (120 mill liter), blir overflødig og må fasast ut. Dette kan innebere ei total mjølkenedgang på 100 millionar liter, noko som kan svara til mjølk frå 550 gjennomsnittlege gardsbruk (Landbruks- og matdepartementet, 2016). Det andre scenarioet frå høyringsnotatet tek for seg ei sterk forbruksutvikling og oppretthalding av eit visst eksportnivå (ca 20% av nivået vi har i dag). Dette kan truleg medføre ei auke på 160 millionar liter nasjonalt, og ein nedgang på om lag 95 millionar liter i merkevareeksport. Til saman vil dette svara til eit auke på 65 millionar liter i total mjølkeproduksjon i Noreg (Landbruks- og matdepartementet, 2016b).

Det er med andre ord fleire moglege utfall av endringa. Svak forbruksutvikling og fullstendig fjerning av eksport av ost, vil kunne gje betydeleg ledig produksjonskapasitet, og nedgang i mjølkebruk. Dette er sjølvstøtt ei problematisk utvikling for dei produsentane som blir overflødige, i tillegg til at dette truleg i størst grad vil ramme dei gardsbruka som held til i områder med mindre gunstige produksjonsforhold. Dette vil forsterke sentralisering av mjølkeproduksjon og virke mot Stortinget si overordna målsetting om landbruk i heile landet (Landbruks- og matdepartementet, 2016). For å motvirke ei slik uynskja utvikling kan ein differensiere økonomiske virkemiddel, slik at det framleis vil vere lønnsamt å drive mjølkeproduksjon sjølv i deler av landet der forholda ikkje er optimale. På den andre sida kan det diskuterast om det er hensiktsmessig å kompensere for ugunstige produksjonsforhold, når ein sentral produksjon i gunstige forhold vil kunne vere meir effektiv og økonomisk, og vil kunne auke konkurransekrafta til norsk mjølk. Ut frå eit

samfunnsøkonomisk synspunkt er ikkje målet om landbruk over heile landet det totalt mest effektive alternativet (Brunstad, Gaasland, 2006). Det er likevel, med tanke på dei kollektive fordelane jordbruk førar med seg, kulturlandskap til dømes, hensiktsmessig å jobbe vidare for tiltak som motverkar sentraliserande tendensar. Samstundes vil produksjonregionane i kvoteordninga, som set geografiske grenser for kor langt mjølkekvote kan flyttast (Landbruksdirektoratet, 2017), framleis bidra til ein desentralisert mjølkeproduksjon.

Ei anna utfordring ved ei eventuell nedgang i mjølkemengde og gardsbruk, er tilgangen til storfekjøtt frå mjølkeproduksjonen. I 2016 var delen av storfekonsumet frå kombinasjonsbruk 60 %, medan 20 % blei dekkja av reine kjøttproduserande bruk (Nortura, 2016). Færre mjølkekyr grunna effektivisering i mjølkesektoren og nedgang i mjølkekonsum, kombinert med ei auke i befolkninga, gjer at dei norske storfeprodusentane allereie i dag ikkje klarer å dekkje behovet for storfekjøtt. Ved nedgang på 100 millionar liter mjølk, som scenario 1 ser for seg, og nedlegging av 550 gjennomsnittlege gardsbruk med ca. 25 kyr kvar seg (Dyrevernalliansen, 2015), vil dette innebære at om lag 14 000 mjølkekyr pluss deira kalvar forsvinn ut av kjøttproduksjonen. For å løyse dette problemet må ein truleg auke import av storfekjøtt ytterlegare. Dette står ikkje i stil med Stortinget sitt mål om å auke matproduksjonen i landet, for å "øke selvforsyningsgraden, styrke beredskapen, og dekke etterspørselen" (Landbruks- og matdepartementet, 2016). Utfasing av eksportstøtta vil difor kunne bidrege til mindre norsk mat i butikkane, til tross for at mjølkeforbruket vil dekkast av norsk produksjon. Eit alternativ til import kan vere å leggje til rette for at nokon av dei bøndene som vil måtte leggje ned mjølkeproduksjonen sin, heller kan leggje om til ammeku. Dette kunne ha bidrege til å auke delen av konsumet som kjem frå rein kjøttproduksjon, og behovet for import ville ikkje trenge å auke alt for mykje.

Om forbruksutviklinga derimot skulle bli sterk i åra som kjem, og total mjølkeproduksjon går opp med 65 millionar tonn, vil det sjølvstøtt ikkje vere behov for nedlegging av mjølkebruk. Snarare tvert imot; det vil bli behov for å auke mengda mjølk. Dette kan gjennomførast gjennom meir effektive dyr, auka kvoter og konsesjonar, og sal av nye kvoter.

Det kan diskutast om desse scenarioa er sannsynlege eller ikkje, og truleg er dei meint som ytterpunkt, for å vise verste og beste konsekvens av fjerninga av eksportstøtta. I tilfellet der 20 % av eksporten framleis held fram, vil denne eksporten måtte vera subsidiert av meieriselskapa sjølv. Utan subsidiering vil ikkje norsk ost vere konkurransedyktig på den internasjonale marknaden. Tine seier i eit presseutsegn at eigensubsidiert eksport, med den marknadssituasjonen vi har i dag, er vurdert som ulønnsam (Tine kommunikasjon, 2016). Dette vil seie at scenarioet med 20 % av dagens eksport, svært truleg ikkje kjem til å skje. Om vi likevel skulle sjå ein like sterk forbruksutvikling som i scenarioet, vil mjølkemengda kunne auke med 40 millionar liter. Men ei slik utvikling i forbruk vil truleg ikkje skje heilt av seg

sjølv. Dei siste 10 åra har det skjedd ein endring i nordmenn sitt mjølkeforbruk. Mengda drikkemjolk har gått ned med 13 liter per person frå 2007 til 2016, medan yoghurt og ost har auka med høvesvis 2,51 kg og 2,27 kg per person i same periode (Opplysningskontoret for meieriprodukter, 2017). Problemet med dette er at drikkemjolk ein får i norske butikkar hovudsakeleg er norsk mjolk, medan ein stadig aukande del av oste- og yoghurtproduktane er importvarer. I 2016 importerte Tine ost og yoghurt for 1,4 milliardar kroner, mot 500 millionar kroner i 2006 (Buskenes, 2017). Dette vil seie at ein del av forbruksendringa blir dekkja av import og ikkje norsk produksjon. For å klare å skape ei forbruksauke som er basert på norsk mjølkeprodukt, kan det hende meieria må forsøke å auke konkurransedyktigheita på dei norske produkta, slik at noko av importen kan erstattast av norsk produksjon. Dette kan gjerast ved å oppretthalde opplysningskontor for meieriprodukt, som gjev informasjon om fordelar ved konsum av mjølkeprodukt og kvifor det er viktig å støtte norsk landbruk ved å velje norske produkt. Meieria kan også sjølv drive med reklame av sine produkt for å forsøke å lokke til seg fleire konsumentar. I tillegg kan meieria sørgje for at det finnst norske alternativ til dei produkta som importerast, slik at dei importerte produkta ikkje får konkurransefortrinn ved å være einaste alternativ.

Det kan verka sannsynleg at framtidig forbruksutvikling vil kunne vera ein mellomting mellom dei to scenarioa, korkje så sterk som den best tenkelige utviklinga eller så dårleg som den svakaste. Sett frå Noregs synspunkt er ikkje utfasing av eksportstønad ei heldig utvikling, då vi mistar internasjonal konkurransekraft for norske merkevareprodukt, og må nedskalere mjølkeproduksjonen eller finne alternative bruksområde for eksportmjolka. Det kan difor argumenterast for at endringa ikkje bidreg til eit robust landbruk innafor meierisektoren, og i tillegg kan det tilsynelatende tilrettelegga for ein meir sentralisert produksjon. Samstundes kan endringa tvinge næringa til å effektivisere og få ned kostnadene, noko som kan påverke prisen konsumenten må betale. I tillegg kan reduserte kostnader i prisutjamningsordninga truleg føre til lågare satsar i dei ulike prisgruppene, noko som vil gje forbrukarane lågare prisar når dei kjøper meieriprodukt, ved at meir av avgifta frå, til dømes konsummjolk, kan brukast for å få ned prisen på produkt som konkurrerar med importen.

5.2 Nedskalering av innfraktordninga

Nedskaleringa av innfraktordninga inneber auka nettokostnadar på 75-80 millionar kroner for mottaksanlegga til Tine og Q-meieriene. Ifølgje høyringsnotatet frå Stortinget (Landbruks- og matdepartementet, 2016), vil desse kostnadene truleg måtte dekkast gjennom redusert utbetalingspris til bonde, altså at produsentane sjølv står for ein del av dei 20 % av innfraktsordninga som ikkje lenger skal dekkast av pristutjamningsordninga. I kva for eit ledd denne reduseringa vil trå i kraft, er ikkje spesifisert i notatet. Ein moglegheit er at målprisen må justerast ned i

jordbruksforhandlingane, slik at bonden på sikt får mindre gjennomsnittleg inntekt på mjølka si, for å betale for frakta. Siden Tine er eit samvirke kor bøndene sjølv er eigarar, kan det og hende at bøndene framleis får same pris på mjølka, men at fraktkostnadane blir trekte frå overskotet som går ut til medlemmene. Det produsentane ikkje dekkjer inn, må meieria ta på si eiga kappe. Dette inneber at det er meir lønsamt for meieria å hente mjølk frå produsentar i sentrale område. I ytste konsekvens (til dømes ved ytterlegare nedskalering av innfraktordninga) kan dette truge den geografiske fordelinga av mjølkebruk, ved at det ikkje lenger er lønnsamt for meieria å køyre lange distansar for å hente mjølk.

Ifølgje høyringsnotatet er formålet med nedskaleringa å skape insentiv til å effektivisere frakta i næringa, både for å forbetre økonomien, og for å oppnå lågare klimapåverknad. Dette er truleg eit godt tiltak for å gjere frakta meir effektiv, då meierisektoren blir pressa til å gjere frakta billigare for sin eigen del. Korleis dei skal klare det er ikkje åpenbart, men dei må truleg investere i køyretøy som er meir energieffektive, optimalisere køyrerutene ytterligare og som nemnt, i verste fall sentralisere innhentinga. Det er sjølvstøtt avgrensningar for kor mykje transporten kan effektiviserast; til dømes er kvaliteten på norske veger eit klart hinder som mjølkesektoren ikkje har nokon påverknad på.

5.3 Forenklingar og justeringa i utjamningsmatrisa

Konsekvensane av endringene i utjamningsmatrisa varierer for produkt til produkt, avhengig av om det har gått opp eller ned i sats etter dei nye grupperingane. Med dette meinast det at dei produkta som har fått eit høgare tilskot eller lågare avgift, vil kunne få ein lågare pris, noko som vil styrke konkurransekrafta. Samstundes vil produkta som har fått lågare tilskot, eller høgare avgift, gå i motsatt retning. Endringene vil også påverke RÅK-ordninga, ved at produkt med høgare tilskot i prisutjamningsordninga vil kunne få mindre tilskot i RÅK, og motsatt. I tillegg vil endringene føre til enklare administrasjon av prisjusteringa.

Det kan likevel sjå ut som det er noko strid om kor gunstig desse endringene er for næringa. Medan Tine stelte seg bak nedtrapping av prisgrupper, er ikkje alle like positive. John Lilleborge, som har erfaring frå Landbruks- og matdepartementet og Omsetningsrådet, meiner ein heller burde ha laga fleire prisgrupper i utjamningsordninga (Sunde, 2016). Dei nye gruppene fører mellom anna til at det ikkje er nokon avgift på yoghurt. Dette styrker konkurransekrafta til yoghurten ved å redusere prisen forbrukaren må betale. Lilleborge meiner dette virker mot sin hensikt fordi auka konkurranse frå importerte yoghurtprodukt, bidreg til å gjere markedet større, noko som også gir vekst for den norske yoghurten. Han meiner òg at dyre, importerte yoghurtar dreg opp vilja til å betale meir for norskprodusert yoghurt. Lilleborge seier altså at import og meir konkurranse for dei norske produkta kan føre til moglege inntekter gjennom prisdifferensiering.

6. Eit robust landbruk?

Det har hovudsakleg blitt gjort tre større endringar i meierisektoren dei siste ti åra. Spesielt ei av desse endringane kjem som følgje av Noreg sine forpliktelser til WTO, som ynskjer å senke handelsbarrierer og auke konkurransen gjennom frihandel. Dette står òg i stil med regjeringa sin politikk, som forsøker å redusere proteksjonisme, og auke fri konkurranse.

Det verkar som regjeringa sitt syn på landbruk, tilseier at ei auke av landbrukets uavhengigheit frå statleg stønad gjer landbruket meir robust. Viss landbruket får stå på egne bein, vil det bli sterkare og betre i stand til å møte internasjonalt press. Men landbruket er ikkje ein muskel som kan trenast opp; stønaden er der for ein grunn. Medan press på aktørane i landbruket kan bidra til å gjere dei meir effektive og konkurransedyktige, vil fjerning av statlege subsidier kunne føre til lågare måloppnåing av Stortinget sine opphøgde landbrukspolitiske mål. Til dømes vil fleire av endringane truge målet om landbruk i heile landet, og egne tiltak må sørgje for eit framleis desentralisert landbruk.

Oppretthaldelsen av eit robust landbruk vil krevje ein viss grad av proteksjonisme, då dei norske matvarene ikkje har sjans til å konkurrera med dei utanlandske. Norsk landbruk har utan tvil eit fortrinn når det kjem til kvalitet og tryggleik på mat, men på ein internasjonal marknad blir vi danka ut på pris. Difor vil Stortingets mål om høgare grad av sjølvforsyning ha liten sjans til å bli oppnådd, om dei norske produkta skal måtte konkurrere med utanlandske substitutter.

For at norsk landbruk i det heile tatt skal kunne eksistere, er vi difor nøydd til å verne om produkta våre. Det kan argumenterast for at politikken til regjeringa, med lågare statleg støtte til næringa, og høgare kostnader for meieri og produsent, bidreg til trongare tider for mjølkebonden. Ved at eksportstøtte fasast ut og støtteordningar justerast, skal Noreg kunne auke konkurransekrafta gjennom lågare priser på sine meieriprodukt, men dette vil òg medføre auka press på meierisektoren. Om næringa klarer etterkomme dette presset og effektivisere produksjonen, kan konkurransekrafta aukast, og vere med på å skape eit robust landbruk.

7. Referansar

Avtale om landbruk (1994). *Agreement on agriculture av 15. april 1994 nr. 5*. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1994-04-15-5?q=Avtale%20om%20landbruk>

Brunstad, R.J., Gaasland, I. (2006). *WTO og norsk jordbruk. Liv laga, eller kroken på døra?* Henta frå <http://www.jordbruk.uib.no/filer/brunstad3747.pdf>

Buskenes, P. (2017). *Importerte meierivarer for over 1,4 milliarder i fjor*. Henta frå <https://medlem.tine.no/aktuelt/nyheter/nyheter/importerte-meierivarer-for-over-1-4-milliarder-i-fjor>

Dyrevernalliansen (2015) *Fakta om ku, kalv og okse*. Henta frå https://www.dyrever.no/resources/files/Fakta_storfe_2015.pdf

Forskrift om prisutjevningsordningen på melk (2007). Henta frå <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2007-06-29-832>

Hagen, R (2013) Henta frå <https://www.vg.no/nyheter/meninger/i/yW2AK/nyttig-sjokkterapi>

Konkurranse (2017). *LEXIN*. Henta frå <http://lexin.udir.no/?search=konkurranse&dict=nbo-nny-maxi&ui-lang=NBO&startingfrom=&count=10&checked-languages=E&checked-languages=N&checked-languages=NNY>

Landbruks- og matdepartementet (2014). *Brev frå Landbruks- og matdepartementet v/statsråden til Stortinget*. Lest som vedlegg i Innst. 154 S (2014-2015). Henta frå <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/stortinget/2014-2015/inns-201415-154.pdf>

Landbruks- og matdepartementet (2015). *Slutt på eksportsubsidier*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/slutt-pa-eksportsubsidier/id2414005/>

Landbruks- og matdepartementet (2016). *Forenkling av prisutjevningsordningen for melk* (Høringsnotat av 29. januar 2016). Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/401c2d455c2d4042b137fbf9782c3409/horingsnotat---forenkling-av-prisutjevningsordningen-for-melk-290116.pdf>

Landbruksdirektoratet (u.å). *Om målprissystemet*. Henta frå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/9579/om-malprissystemet>

Landbruksdirektoratet (2017a). *Dette er kvoteordninga for mjølk*. Henta frå

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter#dette-er-kvoteordninga-for-mjoelk>

Landbruksdirektoratet (2017b). *Evaluering av konkurransefremmende tiltak i prisutjevningsordningen for melk* (rapport 23/2017). Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/evaluering-av-konkurransefremmende-tiltak-i-prisutjevningsordningen-for-melk/id2555409/>

Landbruksdirektoratet (2017c). *Melkekvoter 2018 forholdstall fastsatt*. Henta frå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter/melkekvoter-2018-forholdstall-fastsatt>

Landbruksdirektoratet (2017d). *Målprissystemet for melk*. Henta frå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/marked-og-pris#maalprissystemet-for-melk>

Landbruksdirektoratet (2017e). *Prisutjevning*. Henta frå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/prisutjevning>

Landbruksdirektoratet (2017f). *Prisutjevningsordningen*. Henta frå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/prisutjevning/prisutjevningsordningen#utjevning>

Landbruksdirektoratet (2017g). *Målprisrapport 2016-2017* (rapport 25/2017). Henta frå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/marked-og-pris/publikasjoner>

Landbruksdirektoratet (2017h). *Utredning av modell for innfrakttilskudd i prisutjevningsordningen for melk* (rapport 3/2017). Henta frå <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produksjon-og-marked/melk/prisutjevning/publikasjoner/utredning-av-modell-for-innfrakttilskudd-i-prisutjevningsordningen-for-melk>

Meyer, C. B., (2013). *Konkurranse skaper vekst*. Henta frå <https://www.magma.no/konkurranse-skaper-vekst?tid=213203>

Munthe, P. (2014). *GATT*. Store Norske Leksikon. Henta frå <https://snl.no/GATT>

Norges Bondelag (u.å.). *Markedsordninger*. Henta frå <https://www.bondelaget.no/markedsordninger/category8285.html>

Norsk Institutt for Landbruksøkonomisk Forskning (NILF/NIBIO) (2011). *Utsyn over norsk landbruk – tilstand og utviklingstrekk 2011*. Henta frå http://nilf.no/publikasjoner/Andre_publicasjoner/Utsynet/2011/utsyn_over_norsk_landbruk-tilstand_og_utviklingstrekk_2011

Norsk Landbrukssamvirke (2014). *Hvorfor er norsk landbruk sårbart i WTO-sammenheng?* Henta frå <https://www.landbruk.no/internasjonalt/landbruket-sarbart-wto-sammenheng/>

Norsk Landbrukssamvirke (2017). *Hvorfor er tollvern så viktig for norsk matproduksjon?* Henta frå <https://www.landbruk.no/internasjonalt/hvorfor-har-vi-tollvern/>

Nortura (2016). *Storfe i Norge*. Henta frå <https://medlem.nortura.no/organisasjon/nyheter/arkiv-2016/storfe-i-norge-article40074-18398.html>

Næringskomitéen (2015). *Innstilling til Stortinget fra Næringskomitéen* (Innst. 154 S (2014-2015)). Henta frå <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/innstillinger/stortinget/2014-2015/inns-201415-154.pdf>

Opplysningskontor for meieriprodukter (2017). *Tall og fakta*. Henta frå <https://www.melk.no/Tall-og-fakta>

Regjeringa (2015). *Evaluering av markedsbalansering i jordbruket*. Henta frå https://www.regjeringen.no/contentassets/8c5c52e805264b72b5b0600422ab728a/m-0747-b_evaluering-av-markedsbalansering.pdf

Robust (2017). *Bokmålsordboka/Nynorskordboka*. Henta frå <http://ordbok.uib.no/robust>

Rysstad, S. (2016a). *Rekrutterings- og strukturpolitikk*. Henta frå http://arken.nmbu.no/~sigury/ECN_260/260%20Pensum/SR_Rekruttering_strukturpolitikk_2016.pdf

Rysstad, S. (2016b). *Markedsordninger: prisstabilitet, prisdiskriminering og prisutjamning*. Henta frå http://arken.nmbu.no/~sigury/ECN_260/260%20Pensum/SR_Markedsordninger_2016.pdf

Rysstad, S. (2017). *Importvern under press*. Henta frå http://arken.nmbu.no/~sigury/ECN_260/260%20Pensum/260_Importvern_2016.pdf

Smedshaug, C.A. (2012) *Kan jordbruket fø verden? 2. utgave*. Oslo, Universitetsforlaget.

Stoltz, G. (2014). *Konkurranssevne*. Henta frå <https://snl.no/konkurranssevne>

Storberget, K., Botten, E-M., Kjerkol, I. (2014). *Representantforslag 14 S (2014-2015)*. Henta frå <https://www.stortinget.no/globalassets/pdf/representantforslag/2014-2015/dok8-201415-014.pdf>

Store Norske Leksikon (2016). *WTO Verdens handelsorganisasjon*. Henta frå https://snl.no/WTO_Verdens_handelsorganisasjon

Stortinget. Innst. 251 S (2016-2017). *Mål for landbrukspolitikken*. Henta frå <https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2016-2017/inns-201617-251s/?m=4>

Sunde, L (22.06.2016). *Vil umiddelbart gi melkebøndene 100 millioner mindre*. Bondebladet. Henta frå <http://www.bondebladet.no/nyhet/vil-umiddelbart-gi-melkebandene-100-millioner-mindre/>

Sørli, Tor Jostein, Sunde, Linda. (11.02.16.) *Foreslår store melkeendringer*. Bondebladet. Henta frå: <http://www.bondebladet.no/politikk/foreslar-store-melkeendringer/>

Tine (u.å)a. *Markedsordningen*. Henta frå <https://www.tine.no/markedsregulator/forklaring-av-markedsreguleringen/markedsordningen>

Tine (u.å)b. *Melkemarkedets ABC*. Henta frå <https://www.tine.no/markedsregulator/mer-informasjon/melkemarkedets-abc>

Tine (2016). *Utfasing av eksport*. Henta frå <http://www.tine.no/presserom/nyheter/nyhet?id=1420276>

Tolldirektoratet (2017a). *Tolltariffen 2017*. Henta frå <https://tolltariffen.toll.no/PageFiles/496886/tolltariffen2017.pdf>

Tolldirektoratet (2017b). *Oversikt over GSP-landene*. Henta frå <https://www.toll.no/no/bedrift/import/tollfrihet/gsp/oversikt-over-gsp-landene/>

Utanriksdepartementet (2015). *Globalisering og handel — Muligheter og utfordringer for Norge i handelspolitikken*. (Meld. St. 29 2014–2015.) Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-29-20142015/id2413532/>

Wikipedia (2017). *Southern African Customs Union*. Henta frå
https://en.wikipedia.org/wiki/Southern_African_Customs_Union

Vedlegg 1: Tidslinje: Endringar og planlagte endringar i PU frå 2004 til 2020

- 2004:
 - o For Tine ble det etablert et administrativt og rekneskapsmessig skilje, for å bidra til en konkurransenøytral marknadsordning for mjølk. (Landbruksdirektoratet, 2017b).
 - o Tine ble pålagt utvida forsyningsplikt for å betre råvaretilgangen til konkurrentane. Uavhengige meieri med egne leverandørar fekk en spesiell kapitalgodtgjersle (Landbruksdirektoratet, 2017b).
- 2007:
 - o Etterkontrollen av Tines foredlingsmarginar, og etterrekning i PU, ble avvikla (Landbruksdirektoratet, 2017b).
 - o Rammeføresetnadene for Tines konkurrentar ble forbedra for styrke deira konkurransekraft (NILF/NIBIO, 2011).
 - o Utbetaling av midlertidig tilskot til Q-meieriene og Synnøve Finden. Dette økte frå 2007 til 2010, men ble avvikla i 2011 (Landbruksdirektoratet, 2017b).
 - o Endring i utjamningsmatrisa (Landbruksdirektoratet, 2017b).
- 2008:
 - o Konkurransetilsynets overvakingsordning ble innført etter at etterrekningsordninga ble avvikla. Dette for å kontrollere at Tine ikkje misbruker sin dominerande stilling i marknaden ved å foreta marginskvis. (Landbruksdirektoratet, 2017b).
 - o Omlegging i innfraktordninga. Gjeldande mottaksstruktur og kostnadsnivå ble lagt til grunn. For å sikre føreseielegheit og stabilitet, skulle denne strukturen beholdast i 10 år (Landbruksdirektoratet, 2017h).
- 2011:
 - o Det ble utbetalt 8,7 øre/L i konkurransefremmande tilskot, fordelt på all anvendt mjølk i ordningas prisgrupper (Landbruksdirektoratet, 2017b).
- 2013:
 - o Auking på 2 øre/L i satsen for differensierte avgifter og tilskot for meieriselskap Tine ikkje har bestemmande innflytelse over, til mjølkeprodukt i prisgruppe 1-6 og 8-11 (Landbruksdirektoratet, 2017f).
 - o Reduksjon i særskilt distribusjonstilskot til Q-meieriene, med 10 øre/L (Landbruksdirektoratet, 2017b).
 - o Volumgrensen økte med 20 millionar L, altså mengda mjølk Tine skal forsyne konkurrenten med. Utover denne mengda må uavhengige aktørar ha sine egne leverandørar (Landbruksdirektoratet, 2017b).
- 2016:
 - o Det ble utbetalt 8,5 øre/L i konkurransefremmande tilskot, fordelt på all anvendt mjølk i ordningas prisgrupper (Landbruksdirektoratet, 2017b).
 - o Det særskilte distribusjonstilskotet ble gjort selskapsnøytralt. (Landbruksdirektoratet, 2017b). Dette inneber at «alle meieriselskap som Tine SA ikkje har bestemmande innflytelse over, og som etter Landbruksdirektoratets skjønn har vesentleg høgare distribusjonskostnader

enn Tine SA, kan gis et tilskot på inntil 50 øre/L til distribusjon av mjølkeprodukt i prisgruppe 2 og biproduktgruppe 1» (Landbruksdirektoratet 2017f).

- o Distribusjonstilskotet ble avgrensa til produkt i prisgruppa «ikkje-smaksåtte flytande produkt» og biproduktgruppa «kremfløteprodukt» (Landbruks-og matdepartementet, 2016).
- o Endring i utjamningsmatrisa (prisgrupper og biproduktgrupper). Endeleg utjamningsmatrise ikkje vedtatt, men to forslag er lagt fram (Landbruks-og matdepartementet, 2016).
- o Kostnadsdekninga i innfraktordninga ble redusert frå ca. 95 % til ca. 80 %. Dette var eit ynskje frå regjeringa, med tanken at ein viss eigenandel vil bidra til ein meir kostnadseffektiv og miljøvennleg frakt frå produsent til meieri (Landbruks-og matdepartementet, 2016).

· 2018:

- o Ny evaluering av de konkurransefremmande tiltaka i PU. Da vil distribusjonstilskotet gjennomgå, og vil sjåast i samanheng med andre konkurransefremmande tiltak (Landbruksdirektoratet, 2017b).

· 2020:

- o Endring i prisutjamningsmatrisa: reduksjon i talet på prisgrupper og biproduktgrupper. To alternativ er blitt foreslått. Forenklinga vil ha konsekvensar for råvarekostnader, noko som vil medføre endringar i RÅK-ordninga (Landbruks-og matdepartementet, 2016).
- o Støtta til merkevareeksport blir avvikla, grunne WTO-avtale som hindrar subsidier av dette (Avtale om landbruk, 1994, § 8-9).